



CORA SANDEL

Kranes konditori

Regi og dramatisering
ALLAN EDWALL

Katinka Stordal
BRITT LANGLEIE

Stivhatten
JON EIKEMO



KRANES KONDITORI

av Cora Sandel

dramatisert av Allan Edwall

omsett av Lars Amund Vaage

Katinka Stordal BRITT LANGLIE

Borghild, dotter (16 år) ANDREA BRÆIN HOVIG

Jørgen, son (15 år) BERNHARD ARNØ

Stivhatten JON EIKEMO

Larsen UNN VIBEKE HOL

Fru Krane LILLIAN LYDERSEN

Fru Breien ULRIKKE GREVE

Advokat Buck STÅLE BJØRNHAUG

Elise Øien MARIT KOLBRÆK

Frk. Thorsen RAGNHILD HILT

Justus Gjør SVEIN ERIK BRODAL

Handlinga går føre seg i Tromsø rundt 1920.

Regi ALLAN EDWALL

Scenografi CHRISTIAN EGEMAR

Regiassistent/inspisient PÅL PANDE-ROLFSEN • Teknisk produsent TOM JUST JOHANSSON/
ODDGEIR KUMMEN • Maske BARBRO HAUGEN • Lyd ERIK RØED • Lys DAG SIGURDSON •
Rekvisitt TONE OSA • Suffli ANNE FLADMOE

Ein pause

Première på Scene 2 den 5. januar 1995.

Bildete utlånt av Kongelig Norsk Seilforening.

Arvid Englund Teaterforlag • Foto: Siggen Stinessen • Redaksjon/layout: Rune H. Trondsen • Trykk: Falch Fargestrykk AS



KVEN ER CORA SANDEL?

Kva kan det kome av at bøkene til Cora Sandel er så høgt elska, medan nesten ingen veit noko om forfattaren bak bøkene? Det mest opplagde svaret er at Cora Sandel ikkje finst. Det er eit oppdikta namn, eit pseudonym, det som på fransk - med den litt større sansen for det dramatiske i det språket - blir kalla "nom du guerre".

Dette velklingande forfattarnamnet stod på trykk første gongen i Social-Demokraten i 1922., under ei novelle som heitte "Rosina". Kanskje var namnet eit lykketreff.

Kanskje var rett og slett dei novellene som kom på trykk sommaren og hausten 1922 i ymse blad og magasin, så gode at

ho hadde vorte oppdaga likevel?

I alle fall kasta Gyldendal-forleggjaren Harald Grieg augo sine på denne ukjende forfattaren, og på novellene hennar. Han bad konsulenten sin, Sigurd Hoel, om å finne ut kven det kunne vere

som løynde seg bak pseudonymet. Rådet hans til denne ukjende skribenten var at ho burde skrive ein roman. "Jeg er sikker på at hun kan!"

Fire år seinare fekk Harald Grieg manuskriptet til romanen *Alberte og Jakob* i hendene - ei gripande oppveksthistorie frå ein liten småby i Nord-Noreg like før hundreårsskiftet. Han las manuskriptet på strak arm, og var straks viss på at dette var ei ny stor forfattarinne.

Boka vart straks ein suksess, og ei stund gjekk det sport i å jakte på personen bak pseudonymet.

Snart var det ein offentlig løyndom at Cora Sandel eigentleg heitte Sara Fabricius, og at ho var norsk, men budde i Stockholm. Fordi ho sjølv valde å presentere seg med yttarst få detaljar - "har vært barn i Oslo, ung pike i Nord-Norge, voksen kvinne i Frankrike og Sverige" - vart ho verande berre "Cora Sandel" for eit stadig veksande og takksamt bokpublikum. Ho gjekk så hardt inn for denne oppgåva at ho i sin korrespondanse resten av livet ofte brukte pseudonymet som underskrift. - Men kven var Sara Fabricius, eigentleg?

EMBETSMANNSDOTTERA

Ho vart fødd i 1880 i Huitfeldtsgate i Kristiania. Faren var militær sjøkaptein med ein ærerik familietradisjon i ryggen. Både faren og farfar hans hadde vore høgt dekorerte militære.

Mora var frå ein velvørd kjøpmannsfamilie og stamma på morsida frå den ressurssterke Jervell-familien i Molde, ei slekt full av handelsmenn, filologar, legar og prestar.

Familen flytta til Tromsø da Sara gjekk i sitt trettande år, der faren vart krigskommisær, overlos og innrulleringssjef. Tromsø var den gongen ein liten by med 7 000 menneske og utan elektrisk straum. Embetsmennene - det var om lag

20 av dei - stod på toppen av det sosiale hierarkiet, og familien Fabricius vart vel motteken i det sosiale og selskapelege småbymiljøet. Mykje av det Cora Sandel kom til å skrive seinare, har henta sine ytre trekk frå Tromsø, jamvel om ikkje alt passar på tilhøva slik dei var i 1890-åra.

Den unge Sara hadde fleire talent. Ho likte både å lese og skrive, ho spela amatørteater, og ho teikna. Særleg var ho glad i å teikne karikaturar av dei mange originale typane i det yrande gatelivet i byen. Tromsø var ein livleg handels- og fiskeby. Her kom det samar og russarar for å tilby varer på torget og langs kaiene. Dessutan var ho bergteken av naturen, både sommar og vinter. Men for ei embetsmannsdotter som ikkje hadde som mål i livet å bli gift verken med ein av fullmektigane til faren eller med den nyaste farmasøyten, var det berre ein ting å gjera: ho måtte kome seg ut, ho måtte lære seg noko. Og det var måle ho ville. Først kom ho til hovudstaden og til Harriet Backers målarsskole. Nokre år seinare kom ho seg til Paris, som i åra etter 1900 var kunstmetropol nummer ein i Europa.

MÅLAREN

Det ho trudde skulle blir eit halvt års opphald i den franske hovudstaden, vart i femten år. Ho gjekk på målarsskole, måla, stod modell, prøvde å bruke minst mogleg med pengar, budde trongt på billege rom. Ho las mykje, gjekk på teater og varieté og vart i det heile sterkt inspirert av fransk litteratur og kultur. Ho levde i det fargerike skandinaviske kunstnarmiljøet på venstre bredda av Seinen. I 1913 gifta ho seg med den svenske bilethoggaren Anders Jønsson, som var sterkt inspirert av Rodin. Saman med han oppheldt ho seg i eit års tid i Firenze i Italia. Frå denne tida

stammar dei fleste av dei rundt 30 målarstykkja av henne som framleis finst. Dei er impresjonistiske, med litt kubistiske drag. Det er spelet av fargar mot kvarandre, flate mot flate, som skaper bileta. Og dei umåla felta mellom fargane talar også sitt språk.

I 1917, midt under verdskrigen, fekk kunstnarekteparet ein son, og ho måtte leggje bort målinga. Men ho byrja ikkje å skrive for alvor før dei kom heim til Sverige i 1922. I løpet av 1920-talet vart ekteskapet oppløyst, og ho måtte forsørge sonen med å skrive. Ho vart buande i Sverige resten av livet, og var berre på korte gjestingar i Noreg. Sara Fabricius døydde i 1974, 94 år gammal.

FORFATTAREN

Det er først og fremst dei tre bøkene om skrivardottera Alberte som har gjort Cora Sandel til ein vidgjeten norsk forfattar. *Alberte og Jakob* kom *Alberte og friheten* i 1931 og *Bare Alberte* i 1939. Dei tre bøkene handlar om den kvinnelege kunstnarens mødesame veg til det kunstnarlege uttrykket. Alberte prøver å vere både kone, mor og forfattar. På slutten av den siste romanen må ho følgje si eiga indre røyst som seier at ho må bort frå både mann og barn for å finne seg





sjølv. Kanskje kan ho ein gong kome tilbake - iallfall til barnet - som eit heilare menneske?

Men forfattarskapen rommar òg ei lang rad med ypparlege noveller, rundt 60 i talet. Fleire av dei - til dømes "Kunsten å myrde", "Lykken" og "Barnet som elsket veier" - er blant dei ypparste i norsk novellkunst.

Like etter krigen kom *Kranes konditori*, som vart ein ny suksess, både i bokform og etter kvart som teaterstykke og film. Tematisk er historia om syerska Katinka Stordal ikkje ny i forfattarskapen. Katinka gjer opprør ved å setje seg på konditoriet i småbyen og drikke portvin, i staden for å sy ferdig kjolane til dei fine fruene i byen.

Men i forma er historia driven til det yttarste. Det sladrande, småsnakkande kollektivet behandlar og omtalar Katinka på ein måte som gjer at lesaren får større og større sympati for henne. Ho er ein slags kunstnar, ho òg, ei Alberte som ikkje kom seg laus frå småbyens grep.

Den stillferdige humoren og den drepende ironien er to av dei elementa som gjennomsyrrer forfattarskapen. Dessutan seier denne forfattaren ikkje alt, ho let nokre ord vere usagde, slik målarinna let det vere opne rom i målarstykkane sine. Det ligg mykje av Sara Fabricius'

eigne røynsler bak det Cora Sandel skreiv. Men det er evna til å arbeide ut røynslene til levande litteratur som gjer henne til ein stor forfattar.

Janneken Øverland

Til nynorsk ved Leif Mæhle

Janneken Øverland er redaktør i bokklubben Dagens Bok. I 1983 gav ho ut "Cora Sandel om seg selv", og ho arbeider no med ein biografi om Cora Sandel som kjem på Gyldendal Forlag i løpet av 1995.

Foto av Sara Fabricius lånt frå Gyldendal.


KRANES PÅ DET NORSEKE



Kranes Konditori fikk si første framføring på Det Norske Teatret i 1946. Dramatiseringa var ved Helge Krog, og regien ved Hans Jacob Nilsen. Tordis Maurstad spela Katinka Stordal medan Harald Heide Steen gav liv til Stivhatten. Dei same var med da stykket vart sett opp att i 1948 og i 1953.



I 1978 var det Henny Moan og Allan Edwall som tolka Katinka og Stivhatten i Pål Skjønberg sin regi.







LITA DAME KAN VELTE STORT LASS

Dette er ikkje første gong Allan Edwall går inn i *Kranes Konditori*. I 1977 spela han Stivhatten på Trøndelag Teater og året etter same rolla her på Det Norske Teatret.

Han har likevel ikkje klart å bli ferdig med den frimodige sydama Katinka Stordal, som på ein vanleg kvardag sit åleine på fru Kranes konditori og drikk medan arbeidet hopar seg opp heime. No har han laga ei nydramatisering som han sjølv set i scene.

- Ja, og det forundrar meg litt, for Cora Sandels forteljingar er ikkje nett min type litteratur. Eg har arbeidd mest med klassikarane, dei gamle grekarane, Dostojevskij, men òg med ein del eksperimentell dramatik. *Kranes Konditori* er jo ei svært realistisk forteljing. Men det som alltid har fascinert meg, er det vesle mennesket som kjempar mot sine odds.

Cora Sandel skriv om tilværet i det store og heile ved å festa blikket på ei lita sydame. Ved å vera slik ho ikkje skal vera, set ho heile systemet på "pottan".

Den flotte kjernen i forteljinga er sjølvsagt møtet mellom Katinka og den akterutsegla sjømannen Stivhatten. Desse to utskota finn kvarandre og styrkjer kvarandre. "Eg er ikkje så gammal no lenger," seier Katinka mot slutten av stykket.

Eg trur at svært mange menneske kan kjenna seg att i desse situasjonane. Historia har litterær kvalitet, og den er folkeleg i ordets beste mening. Og eg tykkjer den er noko av det viktigaste eit teater kan spela. For den seier noko om korleis det er å vera menneske i dag, om dei menneskelege vilkåra.

Har ein sett seg i båten, så får ein faen ta meg ro han i land også.

Katinka har eit ansvar for barna sine og for andre i samfunnet, og det må ho leva opp til. Men det er tungt for ei lita sydame å vera alle til lags.

I dag opplever vi at presset på einskildmennesket blir sterkare og sterkare. Vi skal vera både "trevliga och produktiva"; det er ikkje naturleg for oss menneske, vi er meir primitive, av natur meir rebelske. Vi er pressa inn i sosiale mønster som i blant er heilt unaturlege for oss.

-Er det det politiske mennesket Allan Edwall som talar no?

-Som kunstnar kan ein ikkje unngå å vera politisk, og all kunst er egentleg radikal. Den som ikkje er det, betyr ikkje noko. Grunnen til at eg har halde så mykje på med dei gamle greske dramatikarane, er at dei er så gjennomgripande radikale i måten å skildra menneskelege vilkår på.

-Men “opprøreren” Katinka Stordal går attende til sybordet?

-Ja, og det er det som er så bra. For hadde ho ikkje gjort det så hadde ho vorte helt, og det er ho ikkje. Ho lever under dei vanlege vilkåra som dei aller fleste av oss har.

Hadde ho ikkje gått attende, hadde heller ikkje historia vore like god. No blir vi kanskje litt leie oss når ho går heim, samstundes som vi veit at det må ho. Ho har fått alle argumenta; frå barna, frå arbeidskameratar, frå kundar og frå makta, og da er det jo ein naturleg reaksjon å bøya seg. Men ho går fordi ho har sgra, ho har vorte klokare.

-Kva er den viktigaste skilnaden på di dramatisering og Helge Krog si?

-Alt første gongen eg spela Stivhatten, reagerte eg på mellomakta, møtet mellom Stivhatten og Katinka heime i “slottet” til Stivhatten. Det finst heller ikkje i romanen, der er det berre nemnt at det kan ha vorte til noko mellom dei. Men hjå Krog blir dette så alt for tydeleg, spenninga og underteksten blir borte, tykkjer eg. Så da vi skulle gjera stykket her på DNT i 78, tenkte eg at no må vi gjera det annleis, men det vart på same måten. Eg klarte som sagt ikkje å bli ferdig med denne historia, så eg bestemte meg for å laga ei ny bearbeiding utan mellomakta for å sjå korleis det




verka. Og slik tykkjer eg det skal det vera. Enno meir sikker vart eg da eg fekk sjå dette brevet som Cora Sandel skreiv til Hans Jacob Nilsen da han sette opp stykket her i 1946. (sjå neste side) Dei var usamde om mellomakta, Cora Sandel ville ikke ha den. Ho karakteriserte forteljinga si som “figurer i et interiør”, altså innafor den klassiske ramma av einskap i tid og rom.

Men dette brevet fekk eg, vel å merka, først sjå etter at eg hadde stroke mellomakta. Dette styrkte meg i trua, for det er jo ikkje så dumt å ha forfattaren på si side.

-Er det fordi du er jemtlanding at du stadig kjem attende til Det Norske Teatret?

-Nei, det er på grunn av folket. Eg har faktisk gjesta under dei tre siste teatersjefane og har etter kvart fått mange gode venner her. Det er ei stemning på huset som gjer at eg trivst godt,



kanskje er det noko med DNT sitt grunnlag som appellerer til ein jemte. Så under denne pøvetida har eg ikkje kjent meg som ein gjesteinstruktør, men som ein del av ensemblet, og det er svært viktig for meg.

-Korleis stiller du deg til lausrivingsplanane i Jemtland?

-Er du klar over at du talar til ein minister i republikken Jemtland?

-Nei.

-Eg har vore sosialminister, og eg mangla ei røyst på å bli president. No er eg språkminister. Vil du at eg skal koma?

-Eg ønskjer med dette Allan Edwall hjarteleg velkommen til den norske språkstriden. Vi kunne ha bruk for ein slik jemtgubbe.

Ola E. Bø.

*c/o Lagerwall. Kungsholms Strand
19. Sthlm.
9/5--46*

Kjære Hans Jacob Nilsen.

Takk for Deres brev. Det gleder meg så at det blir på Deres teater mit konditori kommer op som skuespill. Når vi så har Helge til hjelp, blir resultatet sikkert det best mulige.

*Så var det mellomspillet. Prinsipielt har jeg ingenting imot det, jeg forstår at det teatermessig sett vilde være av det gode. Foreløpig kjens det for mig selv som vold på mit arbeid, jeg har slitt så med å få figurene til å si det nødvendige der, de var, men kanskje venner jeg mig til tanken.
(...)*

Mange hilsner, og takk for at De har tatt op arbeidet med min roman og interesserer Dem for den. Det er riktig spennende.

Deres

Lara Fabricius


-Vi må ha eit repertoar som er viktig, som vedkjem menneska, som gjev dei livslyst og noko å tenkja på. Så det er vår eigen feil dersom teatret ikkje engasjerer.


Teatret er jo faktisk den einaste staden i tilværet der ein kan oppleva korleis det er å vera menneske heilt og fullt. Elles blir vi jo tvinga til ein masse reservasjonar mot alt mogeleg. Men i dei viktige stykka kan ein oppleva at slik er det eigentleg - eg kan ikkje leva nett slik - men slik er det.

Teatret er dessutan den einaste kunstart som ikkje er ferdig når ein kjem. Den blir fullført medan vi sit der og tittar. På teatret skjer det no.

Ein treng ikkje alt for store og påkosta og snobbete dekorasjonar. Dei største framsyningane eg har sett, har vore ganske skrapa når det gjeld scenografi. Som teatermenneske må ein la publikum få vera med å skapa bileta sjølve. Ein må ikkje gjera alt ferdig for da sit berre publikum og gapar og svelgjer og tenkjer at her er det ingenting å leggja til.

Allan Edwall









10g161568

VÅREN '95 SPELAR DET NORSKE TEATRET

Hovudscenen

Première 21. januar
LERKA JEANNE D'ARC
av Jean Anouilh

Première 17. februar
KANIN KANIN
av Coline Serreau

Première 21. april
SPLINT
Norvald Tveit

Til 17. mars
KARLSSON PÅ TAKET
av Astrid Lindgren

Scene 2

Première 5. januar
KRANES KONDITORI
av Cora Sandel

Urpremière 20. april
EVANGELIET ETTER MARKUS
fortald av Svein Tindberg

MED ATTERHALD OM ENDRINGAR.


Prøvesalen

Til 25. januar
SPØKSONATEN
av August Strindberg

Noregspremière 3. februar
UNDER OPEN HIMMEL
av Steve Tesich

Noregspremière 17. februar
**NILEN
BRU
SEBASTOPOL**
av Katarina Frostenson

Noregspremière 28. april
"DARK RIDER"
av Len Jenkin



det norske teatret